Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagansvarleg Anne Melbø, 71 25 85 15

Vår dato
18.09.2014
Dykkar dato

Vår ref.
2007/1312/ANML/473
Dykkar ref.

Romsdal Gjenvinning AS
Årødalen
6422 Molde

Inspeksjonsrapport – 2014.060.I.FMMR

Inspeksjon hos Romsdal Gjenvinning AS
Dato for inspeksjonen: 27.08.2014

Kontaktperson ved kontrollen

Frå verksemda:
Jan Arild Løvik
Ole Astad

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Anne Melbø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultat frå inspeksjon ved Romsdal Gjenvinning 27.08.2014. Rapporten har status som foreløpig. Dersom vi ikkje får nokon tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteke, er rapporten å rekne som endeleg.

Under inspeksjonen fant Fylkesmannen i Møre og Romsdal at verksemda er i rute med lukking av avvik frå sist inspeksjon 02.05.2013 (2013.041.I.FMMR). Avviket gjaldt vilkår satt i løyvet om opprydding av gammalt trevirke.

Oppfølging etter tilsynet er nærmare omtalt på side 2.Vi vil til slutt takke for god mottaking og godt samarbeid under tilsynet.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndir.

Anne Melbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:
Molde kommune Rådhuspl.1 6413 MOLDE

Informasjon om verksemda

Ansvarleg verksemd

Namn: Romsdal Gjenvinning AS	
Organisasjonsnr (underenhet): 972371653	**Eigas av:** 967686999
Besøksadresse: Årødalen	**Telefon:** 71210870
Bransjenr. (NACE-kode): 16.290	**E-post:**

Kontrollert anlegg

Namn: Romsdal Gjenvinning AS	**Anleggsnr**.: 1502.0012.01
Kommune: Molde	**Anleggsaktivitet**: Avfall mottak, mellomlagring og sortering
Fylke: Møre og Romsdal	**Risikoklasse**: 3

Bakgrunn for inspeksjonen

Rapporten er utarbeida etter eit tilsyn ved Romsdal Gjenvinning 27.08.2014. Denne inspeksjonen var ein oppfølging av tidlegare tilsyn.

Inspeksjonstema: Plan for fjerning av langtidslagra trevirke.

Vi vil gjere merksam på at andre sider ved verksemda som kan ha noko seie for ytre miljø, ikkje vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Overtrede av krav fastsatt i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen (til dømes krav i forureiningslova, forskrift heimla i forureiningslova, IK-forskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsleppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine eigne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

Andre forhold: Saker som framkom under inspeksjonen og som det kan være nyttig å kjenne til for verksemda og saksbehandlarar. Her kan det også inngå kommentarar til tema som ble tatt opp under inspeksjonen, men der det ikkje ble gitt avvik eller merknad.

Oppfølging etter inspeksjonen

Etter innsendt plan skal alt gamalt trevirke vere rydda i løpet av hausten 2016. Fylkesmannen vil då utføre ein oppfølgingsinspeksjon for å sjekke at avviket er endeleg lukka. Vi ber om at dykk melder frå om eventuelle endringar frå planen om opprydding av gammalt trevirke (dykkar brev av 28.10.2013 *Vedrørende inspeksjonsrapport – 2013.041.I.FMMR*).

Brev eller e–post (fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og skal merkas med saksnummer.

Gebyr for inspeksjonen

Gebyr for verksemd med løyve

Verksemda skal betala gebyr for kontrollen, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 39-6 om gebyr for kontroll av inntil en dags varigheit i verksemder med løyve. Risikoklasse er fastset ved handsaming av utsleppsløyve. Verksemda var i løyvet for mottak og mellomlagring av farleg avfall plassert i risikoklasse 3. Dette løyvet er no trekt tilbake og verksemda er no plassert i risikoklasse 4.

Dette inneber at verksemda skal betala kr 4 600 i gebyr for den gjennomførte kontrollen, og ikkje kr 12 000 som varsla i e-post av 19.08.2014. Sidan gebyrstorleiken fylgjer av vedteken risikoklasse er gebyrstorleiken ikkje eit vedtak det kan klagast på.

Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet.

Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere open for offentligheita via postjournalen til Fylkesmannen til Møre og Romsdal (jf. offentleglova). I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no
Kopi av rapporten sendas også til:

- Molde kommune

Regelverk

Dei viktigaste HMS - krava for bransjen finn de på www.regelhjelp.no. Meir informasjon finn de også på Miljødirektoratet si heimeside www.miljødirektoratet.no og www.lovdata.no.

Tilsynet har tatt utgangspunkt i:

- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.01.2009.
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Verksemda sin eigen dokumentasjon

Funn

Fylkesmannen avdekka følgjande under inspeksjonen:

Romsdal gjenvinning er i rute med å lukke avviket frå sist inspeksjon.

Avviket gjeld at verksemda framleis ikkje oppfyller vilkår satt i løyvet om opprydding av gamalt trevirke. Dette er avvik frå løyve til sortering og omlasting av næringsavfall for Romsdal gjenvinning AS av 15.01.2009, punkt 1.3.

Kommentar
Fylkesmannen var sist på inspeksjon hos verksemda 02.05.2013. Som tilbakemelding på inspeksjonen sendte verksemda inn ei plan for lukking av avviket i brev av 28.10.2013. Etter denne plana skulle alt avfallet rundt sorteringsanlegget vere rydda innan august 2014. Under inspeksjonen blei det verifisert at dette er utført. Avfallet er sortert og levert til godkjente mottak, bortsett frå ein rest med jord m.m. Det er tatt prøver av jorda med tanke på forureining (konsentrasjonar opp i tilstandsklasse III i forhold til TA 2553/2009 *Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn*), men det er uklart kor mykje trevirke/organisk materiale som fortsatt er igjen i jorda. Det er mulig at meir trevirke må sorterast ut før jorda kan leverast til deponi. Før levering til deponi må jorda basiskarakteriserast i tråd med avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II punkt 1.1. Avfall Norge, Norsk Industri og MEF har laga ein rettleiar som kan nyttast i arbeidet.

På grunn av ein kort og mild vinter, samt ein lang og varm sommar, er det no stopp i leveringa av treavfall til forbrenning. Verksemda reknar likevel med at dette snart vil ta seg opp att. Foreløpig er verksemda i rute med opprydding av gamalt trevirke som etter planen skal vere ferdig rydda innan hausten 2016.

Andre forhold

Verksemda har planar om å asfaltere det rydda området rundt gjenvinningshallen og flytte sortering og kverning av tre hit. I tillegg er det planar om bygging/forbetringar på sjølve hallen slik at avfall kan gå direkte ut på bil.

Fylkesmannen har sendt eige brev med vedtak om trekking av løyvet til mottak og mellomlagring av farleg avfall.